

Referat frå møte i RU 7. -8. juni 2021 på Lien Fjellgard

Desse møtte:

Jan Myrekrok, Vinje

Frid Berge, Seljord

Rikke Raknes, Seljord

Øystein Tveit, Kviteseid

Une Marit Tangen, Fyresdal

Sverre Sæter, Nissedal

Finn Arne Askje, Tokke

Anne Aasmundtveit, Vest-Telemarkrådet

Måndag 7. juni

Orienteringar ved Anne

- Etablering av KO i samband med felles tiltak i «gamle» Telemark for bruk av regionale utviklingsmidlar på kr 1,5 mill. Kort presentasjon av samarbeidsavtale. Anne sender ut avtala til rådmennene når endeleg utkast er klart. Tilbakemelding frå rådmennene var at dette er ei avtale ein må inngå. Start Opp er ei viktig teneste. Når saka er klar, må den bli behandla politisk i alle 17 telemarkskommunar + fylkeskommunen. Ingen kommentar til den kommunale finansieringsmodellen.
- Merket for bærekraftig reisemålsutvikling. Orientering om status i arbeidet. Samrøystes tilbakemelding frå rådmennene at det no er bare er å få fram ei politisk sak. T.o Midt-Telemark kommune har vedteke å delta i ordninga.
- Innspel til prosjekt Kompetansepilot:
 - o Byggeleiing- drøfting, ikkje alle var samd i at det var behov for dette. Skal difor ikkje bli spela inn i inn i kompetansepilotprosjektet
 - o Personvern- det er leiinga som er ansvarleg-rolleforståing. Kan vera eit aktuelt område å ta inn i prosjektet.
 - o Kompetanselyft hos mellomleiarar.
 - Tilsette ofte gode fagfolk. Leiarar må samarbeide på tvers av fag og kommunar.
 - Digitalisering-korleis få fart den digitale transformasjonen. Få kommunane over på digitale løysingar. Tilsette ein på digitalisering.
 - o Spes.ped. kan vera aktuelt.
 - o Anne sender ut info om prosjektet (sendt pre post 7. juni) og ein kjem tilbake til prosjektet.

Presentasjon av Waco

- Presentasjonsrunde
- Dialogmøte med føremål om å bli litt kjent
- Selskaps- og forsikringsgjennomgang
- Må vera enkel tilgang for tilsette å sjekke si forsikring
- Tilsette som sluttar har krav på å få tilbod om å få vidareført si gruppelivsforsikring. Følgjande er tilrådd: Innarbeide rutine å sende ut skjema til dei som er på veg ut av organisasjonen.

Andre interkommunale samarbeid

- Kostnadsfordeling av dei ulike interkommunale samarbeid

- Utarbeide ein oversikt over interkommunale samarbeid inkl avtaler og finansieringsmodellar
- Har drøfta finansieringa av det enkelte samarbeid for kvart enkelt tilfelle.
- Det er ikkje eit prinsipp om 50/50, den såkalla Vest-Telemark fordelingsnøkkelen, men fordelinga er gjeldande for t.d. Vest-Telemarkrådet, samhandlingskoordinator, og jordmorsamarbeidet.

Ymse:

- Spørsmål om status småbruksprosjekt
 - o Brev er sendt til 160-170 eigarar i dei ni kommunane
 - o Ledige bruk vert lagt ut her: <https://www.vest-telemark.no/gardsbruk>
- Status handlingsplan rus. Johannes svarar per epost:

- Silje Hagen i Vinje og Johannes koordinerar seg i mellom for å unngå dobbeltarbeid.
- Trafikktryggleik og rus blir ei slags undergruppe av hovudgruppa for det førebyggjande samarbeidet i VT.
- Johannes kallar inn til eit møte før sumaren og eit møte til rett etter sumaren.
- Mange kommunar jobbar godt med dette no
- Fyrst og fremst skal ein få fram ein oversikt, sjå om det er ein måte å systematisere dette arbeidet på og lære av kvarandre, og vurdere om ein skal ha nokre satsingar i regional regi. Ein skal ikkje byråkratisere og overta kommunane si rolle.
- Orientering i rådet august og vedtak oktober.

- Dialogmøte med barnevernssamarbeidet **24. juni kl. 12.00-14.30**
- Menn i helse – prosjekt-ein ekstra ressurs i NAV-tar takt i arbeidsledige for å utdanne dei til helsefagarbeidarar. Prosjektleder kallar inn til møte i Bø.
- Influencer i Fyresdal. Han skal arrangere Pride. Fokus er inkludering og mangfald. **Pride 21. august 2021.** Ynskjer at Vest-Telemarkkommunane støttar opp om arrangementet.

Tysdag 8. juni 2021

Teamsmøte med Statsforvalteren

Orientering om skillet mellom barnehageeigar og barnehagemyndige ved Selma Hadzic og Benedicte Fosaas Broen.

Krav til likebehandling og uavhengighet. Det viser seg i rapport ved Telemarksforsking at dette er ei utfordring. Styrar har eigarhatten og myndighetshatten på.

Myndighetsrolla er vanskeleg. Kommunens dobbeltrolle kan vera ein balansegang for kommunen. Det er eit behov for å profesjonalisere rolleforståinga. Ein må forstå forskjellen mellom myndigheit og eigar.

Ein kan løyse utfordringa ved etablering av eit interkommunalt samarbeid.

Naudsynt kompetanse er; nærleik til tilsynsobjektet og kunne utføre rettleiing.

Kommunane kan kan sette ut både eigaroppgåva og myndighetsoppgåva.

Døme på oppgåver som ligg til myndighetsrolla; godkjenne, føre tilsyn, tilrettelegge, rettleie, utbetaling og oppfølging av tilskot, dispensasjonar, psyko-sosialt barnehagemiljø.

I etterkant av presentasjonen til statsforvalteren, drøfta rådmennene moglege løysingar. Det er små kommunar som opplever utfordringa med å løyse dei to ulike rollene.

Eigarstrategi Vest-Telemark kraftlag

Thema consulting v/Espen Fossum på teams.

Eigarstrategi

Utbyttepolitikk:

- eit steg nærare det som er vanleg i kraftnoreg
- prosentvis utbytte av overskot
- bør kunne utarbeide ei føreseieleg prognose, t.d. ei prognose på 4 år og som eigarane kan bestille!
- Utfordre 50%en. Ein må ein sjå på utbytteevna. Til grunn må det ligge ei analyse av kraftproduksjon for å kunne auke utbytte til 70%. Må gå til styret som igjen ber dagleg leiar om å levere ei slik analyse.
- Selskapet er godt kapitalisert, så det skulle vera mogleg å strekke seg opp mot 60%.
- Verksemda kan skaffe kapital ved å halde tilbake utbytte eller låne kapital.
- Kva vil vi med selskapet framover?
 - o Vekse eller selje ned eller ikkje gjere noko.
 - o Drive som i dag, produsere den kraft som vi gjer i dag?
 - o Effektivitetsmål? Styrke med å samanslå med andre kraftsselskap?
 - o Bør vera proaktiv og sjølv velje kva ein kan gjera og unngå å koma i ein situasjon der ein må gjera noko.
- Lånevilkår: ansvarleg lån vil ikkje fungere fullt ut som eigenkapital.
- Til utbetaling 2022- kan ha kortare periode enn det vi har hatt (15 år) bør kanskje vera 5 helst 4 år som følgjer økonomiplan. 1% påslag. Skattemessige avskjering. Får ut meir på rentesida enn det ein har fått no.
- Risiko- det er eit lån gitt utan hefting på pantesida. Verdiane ligg i selskapet. Hadde vore enda sterkare dersom lånet hadde vore konvertert til eigenkapital.
- Står ingenting om det ansvarlege lånet i eigarskapsmeldinga, noko den bør gjera.
- Aksjonæravtala bør samkøyrast med eigarstrategien. Vil kome lang dersom ein klarar å oppdatere aksjonæravtala.
- Ansvarleg lån – makismere renta som ikkje går på VTKs skattemessige frådrag Kor meir lønsomt er det å låne av kommunane?
- Påslag og det skattemessige, Utbyttepolitikk – går mot 60% utan analyse-ta små steg av gangen, Espen sjekkar ut. Får eit revidert utkast til eigarstrategi. RU tar gjerne eit møte bare om dette, dette kan skje i august. Utkast blir sendt ut ei veke i forkant.

Thema ved Espen tar kontakt med Ernst&Young v/Tor Erik Baksås. Jan varsler Tor Erik Baksås om dette.

Samarbeid om gjeldsrådgjeving

NAV Vest-Telemark V/Gerd Kari Skaalen på teams

- Orientering om gjeldsrådgjevarordninga ved Frid
- Ordninga ligg til Seljord kommune som vertskap og fulgte ikkje med NAV til Tokke
- Samtale med tilsette/Berit ved Gerd Kari. Gerd Kari har hatt leiaransvaret.
- Virksomhetsoverdragelse?
 - o Tilsette vil kunne bli tilbuddt same avtaler som dei tilsette i NAV og få sitt eget kontor.
 - o Korleis ta dette vidare og ta ei fornuftig kostnadsfordeling. Må bli eiga sak til kommunestyra. Det er ei 60% stilling som skal bli fordelt ut mellom 6 kommunar

- Seljord kommune har halde gjeldrådgjevaren med kontor, utstyr, kontorrekvisita, kopiering etc. Lønskostnader inkl køyring vert fordelt ut på kommunane.
- Ut i frå eit aukande behov for tenesta er det no eit ynskje om å auke ressursen med ei 100% stilling. I drøfting rundt dette vart det stilt nokon spørsmål/fremma forslag:
 - o Kan NAV omprioritere bruken av tilsette i NAV?
 - Svar frå Gerd Kari: Dette er ikkje aktuelt no pga av etterverknader av Covid-19.
 - o Kan ein sjå nokon synergjar ved å slå saman til eit NAV kontor og innlemming av gjeldsrådgevar.
 - o Kan ein avhjelpe med å leige inn økonomi rådgjeving (bankar, Midt-Telemark gjeldsrådgjeving)?
 - Gjeldsrådgjeving er eit eget fag der ein må inneha spesialkompetanse. Det er ein kommunal teneste på linje med sosial hjelp.
 - o Tokke kan søkje skjønnsmidlar prosjektstilling knytta til gjeldsrådgjeving for 1 år i 2022.

Fordelingsnøkkel for NAV-tenesta og dei andre samarbeida må lande fyrst før ein fremmer politisk sak om virksomhetsoverdraging. Kan gi ein statusrapport /realitetsorientering politisk om stoda i same sak.

Gjeldsrådgjeving blir flytta til NAV og Tokke kommune. Ei politisk sak må bli utarbeidd.

Innovasjon i helse - eit mogleg prosjekt i Vest-Telemark

Preben Hjallum, Helse innovasjon, Etty Ragnhild Nilsen, professor helse og teknologi, USN, og Kari Gro Espeland, samhandlingskoordinator, møtte på Lien for å presentere eit mogleg prosjekt i samarbeid med Vest-Telemarkrådet.

- Presentasjon ved Preben Hjallum og Etty Ragnhild Nilsen
- Orientering ved Kari Gro om bakgrunn for prosjektet. Gjera regionen interessant for helse, ei offentlege teneste som har store utfordringar.
- Etty Nilsen: USN si rolle i regionen-eit profesjonsuniversitet- tett på praksis.
- Dagens utfordring er at det ikkje er nok folk. Men kva er årsakene jf vedlagte presentasjon. Helseøkoosystemet er eit komplekst system der alt henger saman.
- Preben Hjallum: *Kapasitetsløft* – eit prosjekt i regi av USN. Utvikle kapasitet innan e-helse er fokus.
- USN leverer søknad i september 2022 – tema vil vera e-helse.
- Preben sender ut eit meir utfyllande spørjeundersøking for å kartlegge m.a. behov for å vurdere om ein skal gå inn i eit innovasjonsprosjekt.
- Ein måte å løyse utfordringa med mangel på sjukepleiarar er å bli ein attraktiv arbeidsgjevar- både for å rekruttere og behalde. Viktig å ha evna til å omstille seg og ha fokus på innovasjonsperspektivet.

Rådmannsutvalet var positive til at kommunane tar del i eit slikt prosjekt med USN og var positive til å svare på USN si spørjeundersøking (frist 16. juni).